



Eining for Eigedom

Knarvik 21.03.2016

Søknad spelemidlar for lokale kulturygg, Storstova Leiknes.

Lindås kommune søker ved dette om spelemidlar til lokalt kulturygg for anleggsnummer 12630012023, Leiknes Skule, Storstova.

Første spatak for storstova på Leiknes vart tatt av ordføraren, skuleleiinga og bygdelaget i Lindås tysdag 9. februar 2016. Storstova vert fleir brukshall for idrett og kultur i bygda, og skal samstundes brukast som kroppsøvingslokale for Leiknes barneskule.

Initiativet til prosjektet kom frå det lokale bygdelaget. Dette laget fungerer som ein paraplyorganisasjon for kulturlivet i bygda. Bygdelaget har bidratt aktivt i planlegginga, og har i tillegg gjennom stor dugnad samla inn ei gåve på kroner 1 500 000 til prosjektet. Lindås kommune vert eigar og vil stå for drift av bygningen når denne står ferdig våren 2017.

Området Leiknes/Hjelmås har eit aktivt kulturliv. Det lokale ungdomslaget med revy/teaterlag vert ein viktig brukar av scena, saman med blåseorkester og kor. Det finst både barnekor og vaksenkor i bygda. I tillegg er det ulike religiøse grupperingar som ønskjer å nytta storstova til aktivitetar for barn og unge, samt enkeltarrangement. Som vedlegg til søknaden ligg liste over noverande aktivitetar i bygda utarbeida av bygdelaget. I tillegg listar dei ein del aktivitetar som bygdelaget håpar å få i stand når hallen er ferdig.

Folketalet i krinsen er i jamn vekst i fleire år, og utgjer no kring 10 prosent av dei 15500 innbyggjarane i Lindås. Lokalisert langs E39 og nær sentrum av regionen Nordhordland, er det forventa ytterlegare vekst i åra framover. Skulen er einaste offentlege tenestetilbod i området, og såleis naturleg samlestad også på kveld og helg.

For å tilretteleggja for kultur, er følgjande tiltak gjort;

Hallen er utrusta med fast scene. Scena er i tillegg planlagt slik at den også fungerer som utescene mot amfi på uteområdet.

Det vert bygt eit forrom til scena som kan brukast i samband med førestillingar og konsertar, og som lager for td teatereffektar.

I tilknytning til hallen kjem det auditorium med plass for 60 personar, med moglegheit for td filmframvisning.

Hallen vert utrusta med blendingsgardinar, og lysanlegg som moglegger trinnlaus demping av lyset.


Når det gjeldt lydanlegg, vert det henta inn rådgjeving frå Arild Nielsen, kulturskulerektor i Lindås kommune som og har spesialkompetanse innan lydanlegg og akustikk. Han samarbeidar her med representant frå bygdelaget som og har stor kunnskap på området.

Hallen vert utrusta med teleslynge.

Hallen vert bygd saman med eksisterande skule, slik at skulekjøkken vil fungera som kjøkken under kulturarrangement.

Kostnadene for administrasjon og prosjekt framgår ved at vi har rekna 6% av desse kostnadane for heile byggprosjektet. Totalkostnad ekstrakostnad for tilrettelegging som lokalt kulturbyggs er då berekna til 2 552 730.

Mvh for Lindås kommune



Atle Vaage